


Nyheiter Debatt Fjuken-TV Podcast eAvis Døds AK



Jo Haugtreidet heldt seg skjult i skogen i nesten to måneder før freden. Han hadde fint utsyn over Bismo (i bakgrunnen). Innfelt er Haugtreidets egen kalender frå dagane i skjul.

75 år sidan frigjeringa: Jo Haugtreidet gøymde seg i «Fjukhuset»

Jo Haugtreidet frå Skjåk var sjåfør i OKB – og motstandsmann. Dei siste krigsdagane måtte han gøyme seg i skogen.



Hans Erik Kjosbakken

☎ 90 67 53 71

Våren 1945 var prega av fleire dramatiske hendingar i Ottadalen. Det tok til å rakne for tyskarane og dei norske nazistane, og dei for fram med hard hand.

I Skjåk hende det òg ting i midten av mars. Gestapisten August Stuckmann, som også var med på illgjerningane i Vågå, var i Skjåk mellom anna med på å torturere Magnhild Storbråten i Bråtå, i jakta på motstandsfolk.

Før hendingane i Bråtå var Stuckmann innom Bismo, på jakt etter Jo Haugtredeet. Han hadde, som sjåfør i bilaget, tidlegare frakta ein del våpen og fått gøymt dei unna. Nå var han mistenkt for å ha frakta motstandsmannen Erland Næss til Skjåk. Stuckmann og to gestapistar til dukka, saman med lensmann Harald Wiker, opp utanfor verkstaden til OKB (Ottadalenkommunalebilleg) i Bismo for å ta Haugtredeet.

Haugtredeet var i ferd med å fyre opp bilen, som gjekk på knott, og fekk auga på dei tre. Han skjønte kva som var om å gjera, hoppa ut gjennom eit glas og stakk til skogs.

Bismo, som under krigen framleis var nokså ubebygd, vart tilhaldsstaden for Haugtredeet den fyrste dagen på flukt. I fylgje ulike bøker skal denne hendinga funne stad same dag som dramaet på Preststulen, men i fylgje Haugtredeet sine eigne notat skjedde dette om morgonen den 13. mars, dagen før Preststul-dramaet.

Om kvelden klarte Haugtredeet å krysse vegen i Bismo, og tok seg opp til «Fjukhuset», eit vassinntak ovanfor Bismo. Der vart han verande dei to fyrste nettene. Han var òg i kontakt med den mest sentrale motstandsmannen i Skjåk, Nils Skamsar.

Etter eit par dagar i skjul på nordsida av riksvegen klarte Haugtredeet og ta seg over Skamsarbrua. Fyrst låg han i låven på garden søre Morken på sørsida av Bismo. Dei fleste av dei 56 dagane på rymmen låg han ute.

Jo Haugtredeet framfor det godt kamuflerte teltet i skogen.

Stadig vekk var tyskarane innom heimen til Haugtredeet, i andre høgda på OKB-verkstaden, men ingen røpa han og Haugtredeet vart ikkje funnen. Dette sjølv om han ikkje var langt unna. Han hadde fått sett opp eit telt, svært godt kamuflert i eit granholt berre ein god kilometer frå verksta-den. Det var nesten dagstøtt folk i skogen hjå honom, med mat og informasjon.

Jo Haugtredeet klarte å halde seg i skjul, og kunne vera med å ta del i jubelen ved frigjeringa.

*Munnleg kjelde og fotoutlån: Per Haugtredeet Skriftleg kjelde:
«Gudbrandsdalen gjennom krigsåra» (Hovdhaugen)*

Denne artikkelen vart fyrst publisert i Fjuken 26. mars 2015

Publisert: fredag 8. mai 2020 kl. 08:58

Oppdatert: fredag 8. mai 2020 kl. 08:58

Artikkelen er meir enn fem år gammal

Vi nyttar cookies for å betre brukaropplevinga på nettstaden vår. Se vår cookieerklæring for fleire detaljer. [Les meir.](#)

Ansvarleg redaktør og dagleg leiar
Hans Erik Kjosbakken

Redaksjon
redaksjon@fjuken.no

Tipstelefon
61 21 38 60

E-post
tips@fjuken.no



Fjuken arbeider etter **Vær Varsom-plakaten** sine reglar for god presseskikk. Sjå òg **Redaktøransvar**. Fjuken har ikkje ansvar for innhald på eksterne nettsider som det er lenka til. Alt innhald er verna av opphavsrett 2025 © Fjuken.

Informasjon om bruk av «cookies» og personvernpolicy.

Samtykkeinnstillingar

Informasjon om openheitslova.